



SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saknr	Saksansvarleg
Giske formannskap	22.09.2008	127/08	HEWA

Saksbehandlar	Arkiv:	Arkivsaknr
Henrik Wang	K1-, K2-U64	07/1653- 10

REISELIVSSAMARBEID I ÅLESUNDREGIONEN - NYE VEDTEKTER - SAMARBEIDSAVTALE OG KONTINGENTSYSTEM

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
29.02.2008	NYE MEDLEMSSATSAR, MEDLEMSAVTALAR OG VEDTEKTSENDRING HOS DESTINASJON ÅLESUND & SUNNMØRE	82754
04.03.2008	FORSLAG TIL NYE MARKEDSBIDRAG	82755
04.03.2008	FORSLAG TIL SAMARBEIDSAVTALE OM REISELIVET	82756
04.03.2008	VEDTEKTER FOR DESTINASJON ÅLESUND OG SUNNMØRE	82758
04.03.2008	PROTOKOLL FOR ÅRSMØTET 2007	82759

Saksutgreiing:

Destinasjon Ålesund og Sunnmøre (DÅS) har i brev av 20. februar 2008 utarbeidd forslag til ny samarbeidsavtale. Denne inneheld framlegg til nye vedtekter og nye driftstilskot for kommunane (kontingent). Dette skal fremjast på årsmøte 2.april, med frist for innspel 10. mars. Ålesund formannskap har gjort vedtak om å be om utsetjing av saka til hausten, for at det nye styret skal få arbeide med sakene først.

DÅS har over fleire år hatt ein usikker økonomi: I 2007 vart det eit underskot på ca 795.000 kr med ein negativ eigenkapital på 992.000 kr. Omsetnad var ca 7,6 mill kr. Drifta har vore dels turbulent med underskot, og dagleg leiar har skifta fleire gonger dei seinare åra. Delar av styret står på val ved kommande årsmøte i april.



GISKE KOMMUNE

6050 VALDERØYA

DÅS har ansvar for blant anna felles marknadsføring av reisemålet Sunnmøre samt drifta av turistkontoret i Ålesund dekt av eige bidrag frå Ålesund kommune. Utviklinga i reiselivet på Sunnmøre har vore god, og DÅS viser til at utanlandske gjestedøgn har auka 53% i perioden 2003-07 – meir enn i andre regionar.

VEDTEKTSENDRING

DÅS viser til at kontingent for kommunane er regulert etter særskilt avtale. DÅS vil at årsmøtet skal fastsetje alle faste tilskot og bidrag: Det vert difor fremja endring i vedtekter, slik:

* § 5: driftstilskot frå kommunane skal ikkje lengre fastsetjast i særskilt avtale, men fastsetjast av årsmøtet.

* § 10: Avtale med kommunen – pkt. om driftstilskot skal strykast

OPPTRAPPING AV DRIFTSTILSKOT

DÅS har eit godt samarbeid med Giske Reiselivsforum som er det lokale samarbeidsorganet for reiselivsnæring og kommune. Giske Reiselivsforum er organisert som ein medlemsorganisasjon som m.a. står for drift av den sjølvbetente turistinformasjonen på Hellarstova, produserar lokale brosjyrar, organiserar lokale/ regionale salstiltak og driv eigen internettside for turistnæringa i Giske. I Giske er det 8 bedriftsmedlemmer pr. dato Det har vore praksis at for å ta med bedriftsmedlemmer utanfor Ålesund, skal også vedkommande kommune delta som medlemskommune .

Giske kommune betaler i dag ca 85.000 kr i driftstilskot (kontingent) til DÅS. I tillegg betaler kommunen ca 80.000 kr i årleg driftstilskot til Reiselivsforumet etter eigen avtale. Denne avtalen er knytt opp til kontingentsatsen i DÅS: Med endring hos DÅS må også satsen til Giske Reiselivsforum anten aukast tilsvarande eller avtalen endrast: Det er naturleg å vurdere endring i avtalen med Reiselivsforumet om kommunen si auke i tilskot til DÅS vert som framlagt - dette må i så fall opp som eiga sak.

Framlegget frå DÅS er gradvis opptrapping av driftstilskot: Bakgrunnen er mellom anna at Giske kommune har vore med i Ålesund Reiselivslag lengre enn andre kommunar, og at nye kommunar som kom til med utvidinga til regionselskapet DÅS fekk avtale om at DÅS skulle drive eit regionalt turistkontor for Søre Sunnmøre mot at dei dekte kostnaden over driftstilskotet. Dette kontoret er no avvikla. Det har og vore driftsmessig store underskot gjennom fleire år, som viser at forventningar og resultat kanskje ikkje har vore i balanse.

I dag betaler Giske kommune kr 12,70 pr. innbyggjar, dette ventast trappa opp slik:

I 2007:	kr 85.852	kr 12,70 pr. innbyggjar	
2008:	kr 93.852	auke til kr 21,35 pr innb.	= kr 115.089
2009:	kr 202.800	kr. 30,- pr innb	
2010:	kr 236.600	kr 35,- pr. innb.	

Beløpet skal indeksregulerast etter innbyggjartal og SSB sin konsumprisindeks. Om tilskotet vert vurdert som oppgavepliktig, skal mva. leggjast til beløpet.

ENDRING I AVTALE



GISKE KOMMUNE

6050 VALDERØYA

Ny avtale er uoppseieleg ut 2011, og med 14 månader oppseiingstid deretter. Der er ikkje noko i avtaleutkastet eller vedtekter som seier at DÅS sine tenester til kommunen skal endrast eller senkjast i høve til dagens nivå.

Vurdering:

Vedtektsendring:

Det er naturleg at organisasjonen ønskjer å samle overordna strategisk styring hos årsmøtet, og ha ein felles mal for handtering av tilskot. Det bør ikkje vere problematisk å gå inn for dei endringane som vert foreslått. Vedtektene fastset derimot 14 månader utmeldingsfrist for kommunane, medan det er 4 månader utmeldingsfrist for bedrifter: Om systemet med å samle makta hos årsmøtet og innarbeiding av eit felles system for medlemmane skal følgjast opp, er det naturleg å be om at same utmeldingsfrist gjeld for kommunar som for bedriftsmedlemmer.

Endring i driftstilskot:

Opptrapping av driftstilskot er nesten ei tredobling av tilskotet frå Giske kommune: Dette ligg ikkje i økonomiplan eller budsjett. Det ligg heller ikkje auke i budsjettet for 2008 med kr 27.000 som framlagt. Det er naturleg at ei budsjettauke til DÅS også vil få verknader for Reiselivsforum sitt tilskot og driftsgrunnlag og bør behandlast som eiga sak.

Avtale:

Avtalesystemet bør vere samanfallande med vedtektene slik at m.a. utmeldingsfrist for kommunane er den same som for bedriftsmedlemmar.

Rådmannen sine merknader:

På grunn av tidsramma er det uråd å få fram saka til behandling i kommunestyret innan fristen sett frå DÅS. Føreset at dei andre kommunane innanfor DÅS sitt verkeområde sluttar seg til forslaget om endringar i vedtekter og driftstilskot/ kontingent, bør Giske kommune kunne støtte desse endringane. Rådmannen føreset at dei tenester som DÅS yter til Giske kommune vert oppretthalde eller betre enn i dag.

Rådmannen går difor inn for følgjande

INNSTILLING:

Giske kommunestyre stiller seg positivt til dei endringane som vert foreslått. Føreset at dei andre kommunane som ligg under Destinasjon Ålesund og Sunnmøre sluttar seg til framlagte endringar i vedtekter og driftstilskot, går ein inn for at Giske kommune gjer det same. Ein vil rå til at avtalesystem og vedtekter vert samanfallande med dei for bedriftsmedlemmane i destinasjonsselskapet.

Ev. ekstrakostnader til driftstilskot/ kontingent i 2008 dekkjast over driftsfondet. Kostnadsauke fom. 2009 vert å innarbeide i budsjett og økonomiplan.

Giske formannskap får fullmakt til å gjere mindre vesentlege endringar i avtalen og vedtekter.

07.04.2008 GISKE FORMANNSKAP



GISKE KOMMUNE

6050 VALDERØYA

Britt Giske Andersen sa seg ugild. Anne Lise Roald møtte i staden.

Forslag frå Anne Lise Roald (V) om endring av siste setning i første avsnitt til:
"Ein vil rå til at avtalesystem og vedtekter vert samanfallande med kommunemedlemmer."

F-042/08 TILRÅDING:

Innstillinga og Roald sitt forslag vart samrøystes tilrådd.

29.04.2008 GISKE KOMMUNESTYRE

Britt Giske Andersen sa seg ugild.

22 voterande.

Forslag frå Anne Lise Roald (V) om justering av endringsforslaget frå formannskapet:
"Ein vil rå til at avtalesystem og vedtekter vert eins for kommunemedlemmer."

Forslag frå Gunnar Morsund (H):

"Saka vert utsett til kommunestyret har fått lagt fram vedtekter for DÅS og ei vurdering av dei næringslivsmessige verknader turismen har for kommunen."

Morsund sitt forslag fall med 18 mot 4 røyster.

K-045/08 VEDTAK:

Formannskapet si tilråding med Roald sitt forslag om justering av endringsforslaget vart samrøystes vedteke.

NYE OPPLYSNINGAR I SAKA

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
28.08.2008	Innkalli.pdf	92426
01.09.2008	Saksdoku.pdf	92633
01.09.2008	Forslagn.pdf	92634
01.09.2008	Forslag nye markedsbidrag for medlemskommunene i DÅS 31.08.08.xls	92635
01.09.2008	Protokol.pdf	92636



GISKE KOMMUNE

6050 VALDERØYA

Saksutgreiing:

Etter siste behandling i Giske kommunestyre 29. april 2008, er det kome revidert framlegg til samarbeidstiltak gjennom Destinasjon Ålesund og Sunnmøre. Årsmøtet i DÅS bad sitt styre om å utarbeide endra forslag til nye kontingentsatsar og vedtekter for kommunane og innkalle til ekstraordinært årsmøte om dette. Det er no kalla inn til ekstraord. årsmøte 25. september for å behandle -

- **Forslag til vedtektsendring § 5 og § 10:** Det vert foreslått at det er årsmøtet som skal vedta medlemskontingent for kommunane, og ikkje som no gjennom driftstilskot framforhandla i eiga driftsavtale mellom DÅS og kommunar.
- **Forslag til kontingentsatsar 2009:** Det vert foreslått at alle kommunane i 2009 skal betale 25 kr pr. innbyggjar. Giske kommune sitt bidrag vil då auke frå kr 12,70 pr. innbyggjar (totalt kr 85.852,-) til kr 25,- pr. innbyggjar (kr 169.000,-, eller + kr 83.148,-). Beløpet skal indeksregulerast etter SSB sin statistikk, men utan at dette er presisert nærare.
- **Tertialrekneskap pr. 2. termin.**

Vurdering:

Reviderte forslag til kontingentsatsar har ikkje ei auke fleire år framover utanom indeksregulering. Dette betyr at Giske kommune i staden for 3-dobling av kontingenten stoppar på ei dobling av kontingentsatsen. Indeksregulering bør konkret skje etter SSB sin konsumprisindeks, ettersom det er fleire prisindeksar i SSB sitt system. Samarbeidsavtalen som skal erstatte den gamle samarbeidsavtalen mellom DÅS og Giske kommune skal gjelde fram til. 31. desember 2011, og deretter med eitt år automatisk fornying.

Det er ikkje nemneverdige endringar i avtalesystem og med berre mindre justeringar i forslag til vedtekter og ei jamnare fordeling av kontingentsatsar, legg rådmannen fram følgjande -

INNSTILLING:

Giske formannskap godkjenner med bakgrunn i mandat frå Giske kommunestyre framlegg til nye kontingentsatsar, vedtekter og avtalesystem for Destinasjon Ålesund og Sunnmøre. Ordførar får mandat til å underteikne ny samarbeidsavtale på vegne av Giske kommune.

Eventuelle vesentlege endringar i framlegget som måtte skje i årsmøte i Destinasjonsselskapet må leggast fram for formannskapet til ny behandling.

22.09.2008 GISKE FORMANNSKAP

Britt Giske Andersen sa seg ugild.

6 voterande

F-127/08 VEDTAK:

Innstillinga vart samrøystes godkjend.

Utskrift til:



GISKE KOMMUNE

6050 VALDERØYA

Destinasjon Ålesund og Sunnmøre	Skateflukaia	6002	ÅLESUND
------------------------------------	--------------	------	---------